

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Deres referanse:

Vår dato: 30.04.2021

Vår referanse: Eivind Digranes
(eivind@ungefunksjonshemmede.no)

Høring – NOU 2020: 14 Ny barnelov

Unge funksjonshemmede er en paraplyorganisasjon for organisasjoner av, med og for unge med funksjonsnedsettelse og kroniske sykdommer. Organisasjonen representerer 38 organisasjoner med over 25 000 medlemmer.


Unge funksjonshemmede leverer med dette vårt høyrings svar til NOU 2020: 14 Ny barnelov. Utover våre kommentarane viser vi til Barneombodet sitt høyrings svar, og stiller oss bak deira innspel.

Menneskerettslege rammer

Unge funksjonshemmede er glad for at utvalet har eit gjennomgåande menneskerettlig perspektiv i si utredning, og at menneskerettslege rammer blir trukke tydelig inn i NOU-en. Difor reagerer vi også på at utredninga knapt viser til FN-konvensjonen om rettane til personar med nedsett funksjonsevne (CRPD). CRPD artikkel 7 og Barnekonvensjonen artikkel 23 er tydelig på at barn med funksjonsnedsettingar har rett på alle menneskerettigheter fullt ut og på lik linje med alle andre barn. Både CRPD-komiteen og Barnekomiteen har kome med fleire avsluttande merknader til Noreg om barn med funksjonsnedsettingar, mellom anna om vald og overgrep, foreldrerett for foreldre med funksjonsnedsettingar, og retten til å bu heime hos sin eigen familie. I tillegg har Barnekomiteen utarbeida ein eigen generell kommentar om rettigheter for barn med funksjonsnedsettingar.¹ Dette er juridiske forplikningar som ikkje er vurdert av utvalet.

¹¹ Committee on the rights of the child, General Comment No. 9 (2006), The rights of children with disabilities.

https://tbinternet.ohchr.org/_layouts/15/treatybodyexternal/Download.aspx?symbolno=CRC%2fC%2fG%2f9&Lang=en



Utvalet vurderer også spørsmålet om ratifikasjon av Barnekonvensjonen sin tredje tilleggsprotokoll, som etablerer ein individuell klagemekanisme for barn. Her er utvalet delt på midten. Der den eine fraksjonen i utvalet tar til orde for å ratifisere tilleggsprotokollen, meiner den andre fraksjonen at det ligg utanfor utvalet sitt mandat å meine noko om dette. Unge funksjonshemmede støtter fraksjonen som vil ratifisere tilleggsprotokollen no. Vi meiner dette er innanfor mandatet til utvalet, som seier dei forplikingane som følger av menneskerettigheitene skal bli ivaretatt og reflektert i loven. Ein sentral del av dette er tiltak for å styrke barn si rettstryggleik og klagemoglegheiter. Ein viktig føresetnad for at menneskerettane skal fungere, er effektive handhevingsmekanisar. Unge funksjonshemmede meiner difor ein tilslutning til tilleggsprotokollen vil vere eit viktig bidrag for å styrke rettstryggleiken til barn og unge i Noreg.

Unge funksjonshemmede ber regjeringa om å:


- Trekke inn CRPD i det vidare arbeidet med ny Barnelov, og særleg vurdere korleis Barneloven tar var på rettane til barn med funksjonsnedsetting.
- Ratifisere Barnekonvensjonen sin tredje tilleggsprotokoll om individuell klagemekanisme for barn.

Barnekonvensjonen sine generelle prinsipp

Utvalet har også vurdert om Barnekonvensjonen sine grunnleggande prinsipp bør vere reflektert i loven.

Unge funksjonshemmede meiner dei fire prinsippa i Barnekonvensjonen bør vere reflektert innleiingsvis i Barneloven, og bør gjennomsyre heile lovverket. Vi er difor glad for at utvalet foreslår å ta inn prinsippet om barnets beste i ei innleiande føresegn, og at det blir tatt inn enkelte andre stader i loven. Det same gjeld for utvalet sitt forslag om å ta inn prinsippet om barn si rett til medverknad samt prinsippet om barn si rett til utvikling.

Samtidig meiner fleirtalet i utvalet at det ikkje er behov for å ta inn prinsippet om ikkje-diskriminering i Barneloven, fordi dette ifølge utvalet allereie er regulert gjennom Likestillings- og diskrimineringsloven. Unge funksjonshemmede meiner på same måte som mindretalet at alle dei fire prinsippa i Barnekonvensjonen må vere med i det innleiande kapittelet i Barneloven. Det er vanskelig å forstå kvifor prinsippet om ikkje-diskriminering skal vere det einaste av prinsippa som ikkje er tatt inn i lovverket.



Dei fire prinsippa i Barnekonvensjonen heng tett saman med kvarandre, og er nettopp løfta fram som overordna prinsipp fordi dei reflekterer grunnleggande barnerettslege verdiar som skal ligge til grunn i alle saker som angår barn. Barn og ungdom med funksjonsnedsettingar møter diskriminering på alle samfunnsområder, også i saker som handlar om familien. Unge funksjonshemmede meiner at dei viktigaste reglane bør vere tilgjengelig i den loven tenesteytarane normalt forhold seg til. Vi er meir bekymra for at dei som skal ta i bruk loven ikkje kjenner til prinsippet om ikkje-diskriminering, enn at loven skal bli for omfangsrik eller innehalde enkelte dobbeltreguleringar.

Unge funksjonshemmede kan heller ikkje sjå kvifor prinsippet om ikkje-diskriminering skulle stå i ei særstilling når det kjem til omsynet til dobbeltregulering, all den tid prinsippet om barnets beste og prinsippet om medverknad allereie i dag er nedfelt i ei fleire lover. Utvalet skriv til og med på side 83 i utredninga at: «*Det er (...) snarere et poeng, heller enn et problem, at viktige prinsipper som barnets beste og barnets rett til å bli hørt er nedfelt i en rekke ulike lover, slik at de som jobber i tjenesten, er kjent med prinsippene selv om de bare forholder seg til den mest aktuelle loven for sitt virke*». Vi ser ingen grunn til at ikkje den same tilnærminga kan og bør tas i bruk for prinsippet om ikkje-diskriminering.

Unge funksjonshemmede ber regjeringa om å:


- Ta inn prinsippet om ikkje-diskriminering i det innleiande kapittelet i Barneloven, og vurdere om prinsippet skal bli tatt inn enkelte andre stader i loven.

Foreldrerett og funksjonsnedsetting

Ei av bekymringane frå CRPD-komiteen i dei avsluttande merknadene til Noreg i 2019 var at enkelte foreldre opplever å miste foreldreretten på grunn av eigen eller barna sine funksjonsnedsettingar. Komiteen anbefalte norske myndigheiter om å innføre eit lovforbod mot denne praksisen. Vi saknar omtale av dette i utvalet si utredning, og ber departementet følge opp komiteens anbefaling i det vidare arbeidet med ny Barnelov. Å sikre at ingen foreldre eller barn med funksjonsnedsettingar blir separert frå sine nærmaste på usakleg grunnlag, bidrar også til å oppfylle barn sine rettigheter.

Unge funksjonshemmede ber regjeringa om å:

- Innføre et forbod i Barneloven mot at ein kan miste foreldreretten på grunn av funksjonsnedsetting hos foreldra eller barnet.



Med venleg helsing

Ingvild Østli

Ingvild Østli
Fungerande generalsekretær, Unge funksjonshemmede
ingvild@ungefunksjonshemmede.no
Telefon: 911 49 594

